

PÅ HELSA LAUS PÅ HALVØYNÅ

Av Tor Øyvind Skeiseid, dagleg leiar i Ryfylke Livsgnist



Det er vel eit roleg liv i Ryfylke? Og alt går så seint på Ropeidhalvøynå? Å nei! For den som skal med morgonbuss frå Hebnes, kan førebu seg på fartsfylt skinnristing.

Eg hadde kost meg med e-postar om bord i Fjordkatt frå Judaberg til Hebnes. Kolumbus skal ha den: internettet om bord på snøggåtene er sær bra. 08.45 og me drar frå Foldøy. 08.45, nå skulle båten ha vore på Hebnes. Men to og eit halvt minutt forseinka, det tolar me i Ryfylke. På Hebneskaien står den grønne bussen, og du ser at både den og sjåføren er annige. Me er fem sjeler som skal med bussen vidare mot Ropeid. Eg skal til Sauda, og drar fram Kolumbus-reisekonto-kortet. Sjåføren prøver å få maskin og kort på lag, men mislukkast. Prøver igjen, men berre raude lys. ”Æ, drit i. Prøv igjen på Ropeid.”

Jo takk, tenkjer eg, og sparer nokre kroner. Eg får nesten sett meg ned i det bussen skyt fart frå kaien, forbi Torstein frå Hemnes og med Ropeid som mål. Eg ser kjapt at her er det ikkje vits å hiva opp PC-en. Då kan både den og eg mista forstanden og bli bra uvel. Men telefon er fint. Opp med almanakken. Her må tida nyttast. Eg er jo på jobb. Kven er det eg må ringja i dag?

Bussen kastar seg frå skanse til skanse, mobildekninga likeså. Møter me ein buss eller lastebil nå, så veit eg i alle fall at eg sa til kånå i går kveld at eg var glad i henne. Det får vera trøysta om eg takkar for meg på denne jorda. Men me overlever også neste sving. Me møter ingen. Alle på Ropeidhalvøynå har vet nok til å halda seg vekke frå vegen mellom 08.45 og 09.05. Det er då me er på den smale sti.

Eit idyllisk vatn, nokre gardar, eit bedehus, og stopp. Ved avkøyrsla til metropolen Vatlandsvåg, skal ein på og avisene av. Eg vonar folket på Kloppå får avisene sine. Ein gong eg gjekk av bussen her, fann eg to veker gamle aviser nedi ei grøft. Sjåføren er meir treffsikker i dag. Avisbunka hamnar ein meter utanfor vegen, før bussdøra smell att.

Er det glatt på vegen? Ikkje mange gradene i alle fall. Men me har det travelt. Det vil seia sjåføren har det travelt. Eg veit bussen på Ropeid ventar på dei som skal til Sauda. Men ferja derimot, til Sand, nei den går 0915 med Lølandsitata sine. Og der gjekk mobildekninga igjen. Ja, ja. Eg legg mobilen frå meg. Kan ikkje alltid vera tilgjengeleg. Eg er trass alt på Ropeidhalvøynå.

Det er då eg merkar eg er kvalm og varm. Eg tar av meg genseren. Nei, t-skjorta må eg ha på. Sjølv om det er fem andre i bussen, og alle sit framforbi meg, så kan eg ikkje sitja i bar overkropp. Det blir for dumt. Aah, vatn. Eg har heldigvis vassflaska med meg. Det gjer godt, svært godt i den krappe svingen. Men vegen er brei og fin nå. Og farten stor. 09.13, 09.14. Framme med eit solid brems.

Eg går om bord i Saudabussen. Han som kom på i Vatlandsvåg når ferja. Sjåføren må ut og lufta vetet, ser inn i eit tomt venterom på Ropeid og veit at i morgon, i morgon er det same lekse.

Med helsing

Tor Øyvind Skeiseid
Dagleg leiar, Ryfylke Livsgnist